

Fra: KAMBO Energi AS <egil@kambokraft.no>
Sendt: 13. mai 2015 11:20
Til: Bjørkhaug Eirik
Emne: Høyland Minikraftverk, alternativ utbygging
Vedlegg: Produksjon - Høyland (240m 510l 10l) Alternativ II.pdf; Produksjon - Høyland Alt I 20l minstevassf.pdf; Produksjon - Høyland Alt II 20l minstevassføring.pdf

Hei!

Eg har laga til 3 ulike kurver for alternatin nytting av Høyland.

Eigentleg skulle installert effekt på begge alternativ vore over 1MW, då eg slepp 50% av allt tilsig forbi + minstevassføring. Ettersom regelverket i dag er på maks 1,0MW i verna vassdrag, set eg opp 2 alternative løysingar, kvar på 1,0MW. Det betyr at for alternativ 2 er slukeevna litt høgare enn på alt 1 for å få 1,0 MW.(510l/s og 465l/s)

Det som då skjer er at produksjonen ikkje vert så ulik, for alt 1 vert den med eit slepp av 20l/s i minstevassføring i tillegg til blendinga på 3,78GWh. For alternativ 2 vert den på 3,58GWh.

Som du ser av kruvene er det store mengder vatn som vert sleppt forbi. Det kunne difor kanskje vore nok å sleppt 10l/s heile tida under terskelen i tillegg til dei 50% av vatnet. Prduksjonen i alt 2 vil då verte 3,73GWh.

Det som då er interessant, er at alt 2 vert den rimelegaste løysinga.

Oppdatert pris ligg i dag på kr 13 mill for alt 1 og 12,2 for alt 2., som gjev ei utbyggingspris kring 3,40/kwh. Alt 2 vert 3,27/kWh med slepp av 10l/s.

Eg synest det er svært fine restvassføringskurver med denne løysinga samanlikna med andre utbyggingar, vassdraget beheld både store volum og høg dynamikk i alle vassføringssituasjonar, og det hadde vore svært interessant å fått prøvd ut denne løysinga i praksis.

Med venleg helsing

Egil Kambo



Denne e-posten er kun berekna for den personen den er retta til, og kan innehalda konfidensiell informasjon. Einkvar uautorisert gjennomgong, bruk, kopiering eller distribusjon er forbode. Dersom e-posten er sendt feil, ber me deg vere venleg å slette heile e-posten umiddelbart og varsle avsendar om feilsendinga. Einkvar bruk av informasjonen i e-posten eller eventuelle vedlegg, er ulovleg.



Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten

